

M Ø T E B O K

for

KONTROLLUTVALET I HAREID KOMMUNE

MØTETID: 27.05.2014 kl. 08.30 – 14.45

MØTESTAD: Hareid rådhus, formannskapsromet

MØTEDELTAKARAR:

Kontrollutvalet: Jarl Helmut Schröder (leiar)
Inga Ishild Hareide (medlem)
Hallvard Sæverud (medlem)
Linda Haddal Røssevoll (medlem)

Vara som møtte: Vigdis Riise

Faste medlemer som ikkje møtte: Greta Kirkebø (nestleiar)

Vest kontroll: Jostein Støylen (dagleg leiar)

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS: Bodill Skeide (dagleg leiar/revisjonssjef)
Alf Marius Grønnevik (forv.rev)

Hareid kommune: Bent Arild Grytten (rådmann) i sak 20 og 23.
Arne Gunnar Aschehoug (seniorrådgivar) i sak 21.

Andre som møtte: Ingen

Møtet var leia av: Jarl Helmut Schröder

SAKLISTE

SAK 15/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN

SAK 16/14 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE
MØTE

SAK 17/14 MELDINGAR

SAK 18/14 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2014

SAK 19/14 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON
2013

SAK 20/14 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2013

SAK 21/14 ORIENTERING VED RÅDMANNEN

SAK 22/14 OPPFØLGINGSLISTE

SAK 23/14 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – BARNEVERN I
HAREID KOMMMUNE

SAK 15/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak:

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteboka saman med leiaren vert vald Hallvard Sæverud.

SAK 16/14 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak:

Møteboka frå møtet den 27.02.14 vert godkjent.

SAK 17/14 MELDINGAR

Vedlegg:

1. Kommunal rapport, 06.02.2014: «Tipsene kontrollutvalget ikke vil ha»
2. Kommunerevisoren nr. 1: «Forvaltningsrevisjon – kontroll eller læring, eller ja takk, begge delar?»
3. Frå Frp v/Perny-Ann Nilsen, av 20.03.2014: Sak 14/14 Orientering vedkomande Eikenhytta
4. Melding om vedtak: Årsmelding for kontrollutvalet 2013
5. Melding om vedtak: Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Økonomistyring og budsjettoppfølging i Hareid kommune
6. Kommunerevisoren nr 3-2014: «Åpne dører i kontrollutvalgene»

Samrøystes vedtak:

Meldingane 1 – 6 vert tekne til orientering.

SAK 18/14 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2014

Flg . møteprotokollar var til gjennomgang:

Kommunestyret:	20.03, 24.04, 22.05
Formannskapet:	10.03, 07.04, 28.04, 12.05
Levekårsutvalet:	04.03, 01.04, 06.05
Nærings- og miljøutvalet:	04.03, 25.03, 03.04, 06.05
Eldrerådet:	26.02, 14.05
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:	16.05
Valstyret	12.05

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

SAK 19/14 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2013

Møtet vart lukka i mehald av § 31 i Kommunelova.under gjennomgang av Rapporten frå revisjonen (B-dokument).

Vedlegg:

1. Frå Norges kommunerevisorforbund: Veileder vedrørende kontrollutvalgets påse-ansvar overfor regnskapsrevisor. Dat. 24.10.2010.
2. Oppdragsavtale med rådmannen av 2011/2012. Motteken mai 2014.
3. Rapport frå revisjonen. B- dokument (**Unnateke off. innsyn, jf. Offl. § 24, 1 lekk**)

Saksopplysningar:

Denne saka er todelt. Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort. Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen vert gjort merksam på ein del tilhøve som det kan vere noko mangel på og/eller kan gjerast betre.

I Kommunelova § 77 nr 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet si oppgave er utdjupa i kontrollutvalgsforskrifta § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt på sjå-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.

Under fylgjer kva som er/vil bli gjort i høve til anbefalingane i vegleiaren:

(RF = Forskrift om revisjon og KF = Forskrift om kontrollutval)

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor RF § 11
Krava her er følgt opp.
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg RF § 12
Revisor har ikkje meldt noko uregelmessig.
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit. RF § 15
Revisor har gitt skriftleg eigenvurdering for 2013.
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet. RF § 13 og § 14.
*Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig.
Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer sin uavhengigheit fortløpande.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald
*Kontrollutvalet har kopi av oppdragsavtale av 2011/2012 som revisjonen har inngått med rådmannen.
Kontrollutvalet sin kunnskap elles om kva revisjonsarbeidet omfattar, er gjennom kontroll på revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund.*

I tillegg ligg det føre, jf. vedlegg til denne saka, Revisjonsrapport 1/13 Intern kontroll/løpande revisjon / årsavslutning. Dette dokumentet er eit omfattande og godt dokument om revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for 2013 rekneskapen. Dokumentet gir kontrollutvalet ei grei oversikt og innsikt i arbeidet revisjonen har gjort. Dokumentet sitt detaljnivå gjer at det er unnateke offentleg innsyn og vil berre vere tilgjengeleg for kontrollutvalet i samband med deira på-sjå ansvar overfor revisjonen. Dokumentet gir også kunnskap om tilhøve som revisjonen har teke opp med kommuneadministrasjonen for å gjere tilhøve betre.

6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet
*Gjeldande lov og forskrifter har vorte lagt til grunn.
Kontrollutvalet har i sak 38/13 gjort vedtak om at dei dei vil inngå ein skriftleg avtale med Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.*
7. Revisjonsstrategi.
Revisor har utarbeida revisjonsstrategi for 2013. Denne var til behandling/orientering i kontrollutvalssak 22/13.
8. Nummerert brev. RF § 4
Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev i 2013.
9. Mislegheiter. RF § 3, RF § 4, KF § 8
Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i 2013.
10. Revisjonsmeldinga. RF § 5
Revisjonsmelding ligg føre. Den er datert 19.05.2014
11. Revisor sin møteplikt og møterett. RF § 19, KF § 19.
Revisor har følgd sin møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.
12. Revisor sin opplysningsplikt. RF § 20.
Eg har ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.

Samrøystes vedtak:

Ut frå dei opplysningane som ligg føre har kontrollutvalet ingen merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2013.

Rådmann Bent Arild Grytten kom til møtet no.

SAK 20/14 KOMMUNEREKNESKAPEN M/ÅRSMELDING 2013

Vedlegg:

- Revisjonsmelding 2013. Dat. 19.05.2014.
- Økonomiske oversikter med tillegg, utarbeida av revisor. (Økonomisk oversikt drift og rekneskapskjema 1 B –driftsområdet/driftsrekneskapet)
- Kommunerekneskapen 2013 (Utsendt i posten frå kommuneadministrasjonen)
- Årsmelding 2013(Utsendt i posten frå kommuneadministrasjonen)

Saksopplysning:

Revisjonsmeldinga

Det vert vist til revisor sin uttale om årsrekneskapen 2013.

Rekneskapen viser eit netto driftsresultat, mindreforbruk på kr 4.073.488, og eit rekneskapsmessig mindre-/meirforbruk på kr 0, etter inndekning av akkumulert meirforbruk på kr 320.232.

I revisjonsmeldinga går rådmannen (administrasjonssjefen) sitt ansvar fram:

- Å utarbeide rekneskap i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk
- Nødvendig intern kontroll for at rekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon korkje av misleghald eller annan feil

Vidare beskriv revisor i revisjonsmeldinga si eiga rolle og plikter:

- Skal seie si meining om årsrekneskapen på grunnlag av revisjonen som er gjennomført.
- Rekneskapen er revidert i samsvar med god kommunal revisjonsskikk i Noreg, i dette International Standards on Auditing, som bl.a krev at ho lever opp til etiske krav samt planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre seg at den ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.
- For meir informasjon viser eg til punktet *Revisor sine oppgåver og plikter* i revisjonsuttalen.

Revisor sin uttale om andre tilhøve:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak. Beløpa i årsrekneskapen viser vesentleg avvik frå regulert budsjett innafor enkelte resultateiningar.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt plikta si å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar er i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Revisor sin konklusjon:

- Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gir dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommune pr 31.12.2013. Resultatet for rekneskapsåret pr denne dato er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Økonomisk og annan informasjon

Det vert vist til årsmelding og årsrekneskap for 2013.

Særleg viser eg til **årsmeldinga** der nyttig økonomisk og annan informasjon kjem fram.

Særleg vil eg vise til:

- Forord av rådmannen side 3
- Kommunens økonomiske stilling frå side 9
- Nøkkeltal og utviklingstrekk frå side 14. Informative tabellar og diagram.
- Sektordelen frå side 27. Her kjem fram samanlikning mellom dei einskilte områda og samanlikning rekneskap i høve til revidert budsjett. Frå side 32.
- Deretter fylgjer forklaringar for kvar sektor.

Rekneskapen

Rekneskapen inneheld dei obligatoriske skjema og notane.
For meir forklaring viser eg til revisjonsmeldinga og årsmeldinga

Avsluttande kommentar

Avvik budsjett - rekneskap

I revisjonsmeldinga kjem det fram at beløpa i årsrekneskapen viser vesentlege avvik frå regulert budsjett innanfor enkelte resultateiningar.

Det vert også vist til informative oppstillingar av økonomisk oversikt drift og rekneskapsskjema 1B Driftsområdet/driftsrekneskapet med tillegg for endring 2012 -2013 og budsjettavvik i kr og prosent, utarbeida av revisor. Desse fylgjer uttalen vidare til kommunestyret.

Samrøystes uttale:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsuttale for 2013 datert 19. mai 2014.
2. Kontrollutvalet viser til at årsrekneskapen viser vesentleg avvik frå regulert budsjett innanfor enkelte resultateiningar. Årsaka kan vere manglande budsjettendringar innan rammeområda (sektornivå).
3. Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen for Hareid kommune for rekneskapsåret 2013, som viser eit netto driftsresultat, mindreforbruk på kr 4.073.488 og eit rekneskapsmessig mindre-/meirforbruk på kr 0, etter inndecking av akkumulert meirforbruk på kr 320.232, og består av årsmelding, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter og balanse pr. 31.12.2013 med notar som beskriv nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar, **kan godkjennast.**

Sak 21 vart teken før sak 19. Seniorrådgivar Arne Gunnar Aschehoug møtte no.

SAK 21/14 ORIENTERING VED RÅDMANNEN

Vedlegg:

Notat om internkontroll i Hareid kommune - Status og utviklingsbehov

Saksopplysningar:

Aschehoug orienterte med utgangspunkt i Notat om internkontroll – Status og utviklingsbehov, dat. 19.03.2014

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek framlagt dokument/notat og orienteringa frå rådmannen v/seniorrådgivar Arne Gunnar Aschehoug til vitande.

SAK 22/14 OPPFØLGINGSLISTE

Vedlegg:

Oppfølgingsliste

Saksopplysningar:

Det var gjennomgang av oppfølgingslista i møtet.

Samrøystes vedtak:

Oppfølgingslista vert teken til vitande.

Sak 23 vart teken før sak 22.

SAK 23/14 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – BARNEVERN I HAREID KOMMUNE**Vedlegg:**

Forvaltningsrevisjonsrapport – Barnevern. Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 14.05.2014.

Saksopplysningar:

Rådmannen var til stades ved behandlinga i saka.

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet vedtok i sak 39/13 å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring barnevernstenesta i kommunen.

Problemstillingar, anbefalingar og rådmannen sine kommentarar**Er sakshandsaminga i barnevernet tilfredsstillande mtp. handsaming av bekymringsmeldingar, undersøkingar og skriftlege henvendelsar? (Problemstilling 1. Del 4.4 i rapporten. Side 22-23)**

Revisor sin konklusjon, oppsummering:

Meldingar:

- I henhold til barnevernslova § 4-2 skal barnevernstenesta snarast og seinast innan ei veke gjennomgå innkomne meldingar og vurdere om meldingane gir grunnlag for undersøking (jf. bvl § 4-3).
- Fristen for gjennomgang av meldingar blei halden i dei fleste sakene (95%).
- Ved undersøking av ti enkeltsaker viser det at barnevernstenesta ikkje har gjennomgått alle meldingar innanfor vekefristen, og nokre var ikkje følgt opp i det heile.
- Ein registrerte eit vesentleg antal fristoverskridingar.
- Praksis og rutinar kan ikkje sjåast som tilfredsstillande før alle meldingar vert handterte i tråd med dei tidsfristar som går fram av lova.
- Tilbakemelding til meldar var handtert på forskjellige måtar. Barnevernstenesta bør derfor innføre klare rutinar i samband med prosessen kring registrering, behandling og tilbakemelding av bekymringsmeldingar.

Undersøkingar:

- Fylkesmannen registrerte at sakshandsamingstida har vore lenger enn seks månadar i 23 av 154 saker i kontrollperioden 2010-2012.

- Revisjonen sin gjennomgang viste at 2 av 18 undersøkingar hadde ei fristoverskriding på 6 mnd (sjå tabell 4).
- Heile 9 av 18 undersøkingar hadde ei sakshandsamingstid på over 3 månader.
- Det låg ikkje nokon dokumentasjon i saksmappene som viste at barnevernstenesta hadde fått utvida frist.
- Sakshandsamingstida i disse sakene representerer klare brot på barnevernslova sine maksimale tidsfristar (på 3 og 6 månadar) for gjennomføring av undersøkingar.
- Konsekvensane av at undersøkingar ikkje i tilstrekkeleg grad vert sett i verk i tide, eller at undersøkinga tek for langt tid, kan gjere at barnet sine problem blir så alvorlege at det eventuelt vil vere nødvendig med større tiltak som for eksempel omsorgsovertaking.
- Kommunen kan risikere mulkt av Fylkesmannen dersom det ligg føre gjentatte fristoverskridingar eller ved alvorlig overskriding av ein enkelt frist.

Sakkyndige:

- Barnevernstenesta nyttar i stor grad sakkyndige i utredningsarbeidet kring spørsmål om omsorgsovertaking, og i samband med saksframlegg til fylkesnemnda.

Kommunikasjon/korrespondanse mellom barnevernstenesta og foreldre/advokat:

- Klientmapper og postlister viser at barnevernstenesta i stor grad har svart på skriftlege henvendingar frå foreldre/advokat innan 1 månad.
- Registrert enkeltsaker/tilfeller der barnevernstenesta ikkje har gitt tilbakemelding eller at sakshandsaminga hadde teke svært langt tid. Ein kunne heller ikkje sjå at det har vore sendt førebelse svar.
- Bør utarbeide interne rutinar for korleis skriftlege henvendingar skal handsamast, slik at ein unngår store variasjonar sakshandsaming og tidsbruk.

**Vert barn med tiltak følgt opp av barnevernet på ein tilfredsstillande måte?
(Problemstilling 2. Del 5.3.2 i rapporten. Side 28)**

Revisor sin konklusjon, oppsummering:

Hjelpetiltak og tiltaksplanar – rapportering til fylkesmannen:

- Rapportering til fylkesmannen (tabell 7) viser at det har vore ein nedgang i tal på born som har motteke hjelpetiltak i perioden 2010-2012.
- I tillegg registrerar ein at tal på born med tiltaksplan har auka i same periode (frå 37-65%).
- Samla sett har kommunen hatt ei positiv utvikling i perioden mtp. utarbeiding av tiltaksplanar, men det står framleis igjen ein god del arbeid på dette feltet.

Kontroll av tiltaksplanar i saksmapper og sakshandsamingssystem:

- Som det går fram av tabell 8 er det enorme forskjellar i tidsbrukt mtp. utarbeiding av tiltaksplanane.
- Dei 3 sakene der tiltaksplanen har vore utarbeida innan ei veke er alle utarbeida i samband med at barnet har vore plassert på institusjon.
- I fleire av dei andre sakene der det har vore utarbeida tiltaksplan har barnevernstenesta brukt ekstremt lang tid på å utarbeide tiltaksplanane. Dette er ikkje intensjonen etter regelverket.
- Ein registrerte også at tiltaksplanar som vart utarbeida i lang tid etter at enkeltvedtak var fatta ofte ikkje inneheldt alle gjeldande hjelpetiltak, men berre det siste vedtekte tiltaket i tillegg til ei meir overordna «tiltaksbeskriving».

- Det mangla tiltaksplan i saksmappene til 4 av borna. Revisjonen vil understreke viktigheita av at vert utarbeidd slik plan og at det ligg føre dokumentasjon knytt til hjelpetiltaka.

Vert tiltaksplanane oppdaterte?

- Tiltaksplanane har i svært liten grad vore oppdaterte. Eit plandokument er ingen garanti for tiltaket sin kvalitet eller for at barnet og tiltaket vert sikra god oppfølging. Dersom ein utfylt tiltaksplan ikkje har annen hensikt enn å vise at ei lovpålagt oppgåve er utført, har den liten verdi.
- Hareid kommune oppdaterer tiltaksplanane i liten grad og ein still difor spørsmål ved om tiltaksplanane vert aktivt nytta i det daglege arbeidet.
- Det låg heller ikkje føre noko dokumentasjon som synte at det hadde vore evaluert kvaliteten/resultatet av tiltaka.

Vert dei vedtekne hjelpetiltaka gjennomførte?

- Kontroll av hjelpetiltak viste at desse er i dei fleste saker satt i verk kort tid etter at vedtaket er gjennomført. Ein registrerte derimot enkelte tilfelle der tiltak ikkje har fungert tilfredstillande slik vedtaket beskriv.
- I dei ulike sakene som er kontrollerte har spørsmål kring omsorgsovertaking vore vurdert. Dette er eit tiltak som berre er aktuelt om andre hjelpetiltak i heimen ikkje vil være tilstrekkeleg.
- Det er urovekkande at ein i enkeltsaker registrerar vedtekne hjelpetiltak som ikkje har vore sett i verk, då dette kan ha vore ein medverkande, eller i verste fall ein utløyssande faktor for at barnet vert flytta ut av heimen.

(Problemstilling 2. Del 5.4.2 i rapporten. Side 31)

Omsorgstiltak og omsorgsplanar – rapportering til fylkesmannen:

- Barnevernstenesta si rapportering til Fylkesmannen viser at talet på born med omsorgstiltak har auka frå 8 til 13 i kontrollperioden (2010-2012).
- Talet på barn med omsorgsplan har vore uendra i perioden med 7 born noko som har resultert i at ein har hatt nedgang i andel barn med omsorgsplan (Frå 87,5 – 70%) i perioden.
- Kommunen bør derfor utarbeide interne rutinar for å følgje opp og utarbeide omsorgsplanar når det er fatta omsorgsvedtak.

Kontroll av omsorgsplanar i saksmapper og sakshandsamingssystem:

- Gjennomgang av klientmapper og sakshandsamingssystemet viste at barnevernstenesta berre utarbeider endelege omsorgsplanar. Etter lovverket har dei 2 år på å utarbeide desse. Dette forutsett derimot at det ligg føre ein midlertidig omsorgsplan når saka vert handsama i fylkesnemnda, noko som ikkje vert praktisert i Hareid kommune.
- Omsorgsplanane sitt innhald omhandlar store og betydningsfulle aspekt ved livet til barn, foreldre, søsken og fosterfamiliar. Planen vil være retningsgivande for barnevernet sitt vidare arbeid og vil kunne gi foreldre og familie verdifull informasjon, samt fjerne ein del usikkerhet mtp. omsorgsovertakinga.
- Barnevernstenesta bør vurdere å få på plass rutinar der dei utarbeidar og legg ved mellombelse omsorgsplanar til fylkesnemndsakene for deretter og utarbeide endeleg omsorgsplan seinast innan 2 år etter fylkesnemnda sitt vedtak.

Følgjast barn i fosterheim tilfredsstillande opp mtp. kontroll og tilsyn? (Problemstilling 3. Del 6.4 i rapporten. Side 37-39)

Revisor sin konklusjon, oppsummering:

Tilsynsførarar:

- Tilsyn er ein kontroll med fosterheimen som kjem i tillegg til den kontrollen barnevernet sjølv skal utføre.
- Tilsynsførarar skal minimum besøke fosterheimen fire gongar i året, og det skal utarbeidast rapport etter kvart tilsyn. Rapportane skal sendast til barnevernstenesta.
- Alle barna som kommunen hadde tilsynsansvar hadde tilsynsførar pr. 31.12.2010. Ein registrerar derimot at berre 7 av 11 hadde tilsynsførar pr. 31.12.11 og 7 av 12 pr. 31.12.12. Ein ser derfor ein negativ trend mtp. antal born med tilsynsførar i kontrollperioden.
- Ved gjennomgang av klientmappene (tabell 12) viste at dei 4 sakene der barna har vore plassert i fosterheim har tidsbruken mellom plassering og utnemning av tilsynsførarar vore på mellom 4 – 7,5 månadar.
- Føreskrift om fosterheim seier at oppretting av tilsynsførarar skal skje ved godkjenning av fosterheimen. Tilsynsførarar skal etter regelverket besøke fosterheimen så raskt som mogleg etter plassering og helst innan 14 dagar. Dette er ikkje oppfylt i nokon av dei gjennomgådde sakene.
- Den mest kritiske perioden mtp. tilsyn vil som oftast være dei første månadane etter omsorgsovertakinga då barnet skal etablere seg i den nye fosterheimen.
- Tre av sakane har barna vore plassert i ei anna kommune og ein forstår at Hareid kommune si barnevernsteneste ikkje rår over oppnemning av tilsynsførarar i desse sakene, då det er fosterheimskommunen som har ansvar for å utnemne tilsynsførarar.
- Ein vil likevel nemne viktigheita av samarbeid og dialog mellom kommunane i slike omsorgsovertakingssaker og då spesielt i forkant, slik at formaliteter som tilsynsførarar kan vere på plass før omsorgsovertakinga finn stad. Det gjekk ikkje fram av klientmappene dokumentasjon på at dette har vore purra på frå Hareid kommune si side.

Tilsynsførarordninga – uavhengigheit:

- Revisjonen ville undersøke om det låg føre ei uavhengigheitserklæring på dei tilsynsførarane som barnevernstenesta i Hareid kommune disponerer.
- Kontrollen har ikkje vore gjennomført då det ikkje ligg føre nokon dokumentasjon kring dette, og revisjonen har heller ikkje fått tilgang på noko fullstendig oversikt over alle tilsynsførarar.

Tilsynsrapportar:

- Tilsynsførarar skal levere rapport frå kvart tilsyn. I utvalet fann revisjonen at ingen av tilsynsførarane hadde gjennomført det lovpålagte kravet om 4 tilsyn pr. år.
- Dei tilsynsrapportane som låg føre var av varierende kvalitet der fleire av dei inneheldt svært liten informasjon.
- Tre av sakene omhandlar born som har vore plassert på institusjon. Det låg heller ikkje føre tilsynsrapportar i desse sakene. Desse rapportane skal oversendast statleg regional barnevernsteneste og institusjonen. Det er dermed ikkje lovfesta at den kommunale barnevernstenesta skal motta desse tilsynsrapportane.

Tilsyn utført av barnevernet:

- Barnevernstenesta skal besøke fosterheimen så ofte som nødvendig, og minimum fire gongar i året. Dersom forholda i fosterheimen vurderast som gode og barnet har vore

plassert i same fosterheim i meir enn to år kan talet på besøk reduserast til to gongar i året.

- Ikkje dokumentert i saksmapper at barnevernet fullt ut førar oppfølging og kontroll etter lova sine krav.
- I sakshandsamingssystemet finn ein heller ikkje noko oversikt eller kontroll over om eit tilfredsstillande antal heimebesøk er gjennomført.
- Der det ikkje var gjennomført eit tilfredsstillande antal heimebesøk har barnevernet likevel vore i kontakt med fosterforeldre blant anna gjennom telefonsamtaler, kontormøter osv. (går fram av journalnotat).
- Heimebesøka vert ikkje rapportert etter ein bestemt mal, men som journalnotat av kvar enkelt saksbehandlar. Barnevernstenesta har heller ikkje eigne skriftlege interne rutinar for korleis slike tilsynsbesøk skal gjennomførast, som gjer at innhald og fokus varierer.
- Kommunen bør utarbeide ein rapporteringsmal og skriftlege rutinar for korleis desse tilsynsbesøka skal gjennomførast. Slike tiltak vil også kunne bidra til auka fokus på å få gjennomført dei lovpålagte tilsynsbesøka.
- I intervju gjekk det fram at det gjenstår ein el arbeid i samband med ferdigstilling av journalnotat. Ein kan derfor ikkje utelukke at det har vore gjennomført tilsynsbesøk som ikkje går fram av klientmappene.

Har barna trygge og stabile oppvekstvilkår?:

- Ein registrerte at enkelte av borna har vore flytta etter plassering. I spesielt ei av sakene fekk revisjonen inntrykk av at barnet har vore omplassert mykje.

Følgjast foreldre tilfredsstillande opp i høve omsorgsovertaking?

(Problemstilling 4. Del 7.4 i rapporten. Side 43-44)

Kontakt etter omsorgsovertaking:

- Hovudmålet med fyrste kontakta etter ei omsorgsovertaking er å oppnå ein allianse med foreldra om å imøtekomme barnet sine behov.
- Dokumentasjon i saksmappene viste at barnevernstenesta i stor grad har teke kontakt med foreldra relativt kort tid etter omsorgsovertakinga. Denne kontakta går som regel fram gjennom journalnotat.

Samværspan og deltaking i fosterheimsarbeidet:

- Ein registrerte at det i stor grad vert utarbeida samværspanar. Planane følgte ikkje nokon bestemt mal, og utforminga varierte.
- Barnevernstenesta har ikkje interne skriftlege rutinar for utarbeiding og oppfølging av samværspanar. Ein manglar også ei oversikt som syner kva bort det er utarbeida samværspan for og evt når dei går ut.
- Kommunen bør utarbeide standard mal for samværspanar, samt ei oversikt over born med samværspanar og når desse skal reviderast.
- Ein fann liten dokumentasjon som tilseier at foreldra i vesentleg grad vert involverte i fosterheimsarbeidet. Ei slik involvering vil vere avhengig av situasjonen og samarbeidsevna til foreldra, og barnevernstenesta må vurdere dette i kvar enkelt sak.
- I fleire av sakene vert det gjennomført ansvarsgruppemøte. Ei ansvarsgruppe har som formål å planlegge, følgje opp og samordne enkelttiltaka innanfor dei ulike tenestene og tilboda.
- Dette vil derfor kunne vere ein naturleg og god arena for foreldra kan få delta og halde seg informert om situasjonen til barnet og situasjonen tilseier det. Det er derimot

viktig at møta vert evaluerte regelmessig med utgangspunkt i brukarane si erfaring og nytteverdi.

Anbefalingar i rapporten (Rapporten del 8. Side 45)

1. Barnevernstenesta må utarbeide rutinar som sikrar at lovverket vert følgd og tidsfristar overhalde. Dette gjeld spesielt tiltak som kan bidra til å sikre:
 - At tidsfristar for gjennomgang av meldingar og gjennomføring av undersøkingar vert halde.
 - At oppfølging og tilsyn av barn i fosterheim vert gjennomført, dokumentert og arkivert tilfredstillande.
 - At tiltaksplanar vert utarbeida og oppdaterte i samband med vedtak om hjelpetiltak vert fatta.
 - At det vert utarbeida midlertidige omsorgsplanar i samband med at det vert fremma sak om omsorgsovertaking i fylkesnemnda.
 - At skriftlege henvendingar frå foreldre/advokat vert tilfredstillande handsama og at det vert sendt ut midlertidig svar ved forventa lang sakshandsamingstid.
 - At biologiske foreldre vert følgt opp og inkludert i fosterheimsarbeidet så mykje som er forsvarleg.
2. Utarbeide mal for tilsynsrapportar.
3. Utarbeide mal for samværplanar.
4. Utarbeide oversikt over born med samværplan, og når desse skal reviderast.

Rådmannen si tilbakemelding

Rådmannen leverte si tilbakemelding innan fristen 26.05.14. Denne vart delt ut på møtet i kontrollutvalet 27.05.14. Det vert vist til uttalen/tilbakemeldinga i pkt. 10, side 46-48. For revisjonen sine kommentarar, sjå pkt. 11, side 49-50.

Avslutning

Meir utfyllande og detaljert informasjon finn ein i rapporten frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, som ligg ved saka.

Samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet Barnevern i Hareid kommune.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar, jf. rapporten pkt. 8 side 45, skal fylgjast/utførast.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 01.11.2014.

Møtet slutt.

Jarl Schröder

Hallvard Sæverud

Møteprotokollen går til:

**Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte**